



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Næring- og miljøutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Permanent stengjing av Kvitholvegen

Samandrag:

Saka gjeld trafikktryggleik og framtidig bruk av Kvitholvegen. Kommunen har over fleire år motteke bekymringsmeldingar frå innbyggjarar om høg fart, uforsvarleg køyring og manglande tryggleik for mjuke trafikantar.

Kvitholvegen er ein grusveg med låg standard, redusert sikt fleire stader og manglande tilrettelegging for gåande og syklende. Samstundes medfører vegen årlege kostnader for kommunen knytt til vedlikehald og vinterdrift.

På bakgrunn av ei samla vurdering av trafikktryggleik, bruk av vegen og kommunen sin økonomiske situasjon, vert det tilrådd å permanent stengje Kvitholvegen for gjennomkøyring, med moglegheit for å opne vegen ved behov.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek:

1. Kvitholvegen vert permanent stengt for gjennomkøyring.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å etablere naudsynte fysiske stengjingstiltak.
3. Grunneigarane skal sikrast tilgang til eigedommane sine.
4. Det skal vere mogleg å opne vegen ved behov.

Saksopplysningar:

Hareid kommune er vegeigar og har driftsansvaret for Kvitholvegen. Det er ein grusveg med låg standard, smale parti og varierende siktforhold. Vegen vert i dag nytta som gjennomfartsveg i større grad enn det vegstandarden tilsei er forsvarleg. Skiltinga på vegen er mangelfull.

Kommunen har motteke fleire bekymringsmeldingar frå innbyggjarar i området. Det vert mellom anna peika på høg fart, køyretøy som har køyrt av vegen, gjentekne episodar med farleg køyring og ein utrygg trafikksituasjon for born og andre mjuke trafikantar.

I tillegg har kommunen årlege kostnader knytte til drift og vedlikehald av vegen, særleg vinterdrift og istandsetting av vegdekke etter vintersesongen.

For å betre situasjonen vurderer kommunen tre moglege alternativ:

1. Oppgradering av Kvitholvegen.
2. Etablering av fartsdempande tiltak.
3. Permanent stenging av Kvitholvegen for gjennomkøyring.

Heimelen for å regulere trafikken på vegen følgjer av vegtrafikklova § 7 første ledd, som opnar for å forby bestemte trafikantgrupper eller køyretøy på bestemte vegar.

Vurdering og konklusjon:

Spørsmålet i saka er kva tiltak som samla sett gjev den beste løysinga med omsyn til trafikktryggleik, framkome, økonomi og ressursbruk.

Kombinasjonen av høg fart, smal veg og avgrensa sikt medfører ein auka risiko for ulukker. Dette gjeld særleg for born og andre mjuke trafikantar som ferdast i området.

Ei oppgradering av Kvitholvegen vil kunne betre både tryggleik og framkome. Samstundes vil ein slik oppgradering krevje betydelege midlar, og kommunen vurderer dette som lite realistisk innanfor dagens økonomiske rammer.

Fartsdempande tiltak kan redusere farten til ein viss grad, men administrasjonen vurderer at slike tiltak aleine ikkje vil løyse utfordringane knytte til gjennomgangstrafikk og den generelle trafikktryggleiken på strekninga.

I vintersesongen 2025/2026 var Kvitholvegen stengd for gjennomkøyring. Då satt vi fyrst ut sperringar etter bustadane på Røysetsida og etter eigedom 41/1118. Etter tilbakemelding frå grunneigarane flytta vi sperringane inn mot midten av vegen. Erfaringane og tilbakemeldingane frå innbyggjarar etter dette var positive. Grunneigarane hadde framleis tilgang til eigedomane sine, og det var mogleg å opne vegen ved behov.

Administrasjonen vurderer på denne bakgrunnen at permanent stenging for gjennomkøyring er det tiltaket som best ivaretek omsynet til trafikktryggleik, samstundes som det reduserer kommunen sine framtidige kostnader til drift og vedlikehald.

Administrasjonen ser føre seg då setje opp skilt om at vegen er stengt ved innkøyringa til vegen frå begge sider og ein bom ved snuplassen på Kvitholvegen. Kommunen ynskjer at fartsgrensa skal vere 40 km/t fram til bommen, forutsett at naudsynte skiltvedtak og skilting gjennomførast.

Tilkomst til eigedomane kan sikrast, og vegen kan opnast ved behov. Kommunedirektøren tilrår difor at Kvitholvegen vert permanent stengd for gjennomkøyring.

Konsekvensar for barn og unge: tryggare nærmiljø og sikrare å ferdast.

Konsekvensar for eldre: tryggare nærmiljø og sikrare å ferdast.

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: tryggare nærmiljø og sikrare å ferdast.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Kvitholvegen er eit mykje brukt turområde.

Miljøkonsekvensar: sparar miljøet ved å sleppe å brøyte og gruse opp igjen vegen.

Økonomiske konsekvensar: reduserte kostnader for drifta til kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar: moglegheit for å opne vegen ved behov.

Bent Arild Grytten
kommunedirektør

Birgitte Moltu
jurist